

Stor skipstrafikk gjennom Storsund i helga.

26.08.2019



Lystbåten FAUN, bygd i 1916 for Einar Michelsen på Gamlehaugen.

Skipstrafikken i Storsund denne helga var på det største. Det har sjølvsagt sammenheng med Skutefesten i Rosendal med mellom 20 og 30 skuter og farty av alle slag. Ikkje nok med det. Noregs nyaste og største marinefarty, KNM MAUD, gjekk Storsund på sin seglas inn Hardangerfjorden. To av lasteskipa til reiarlaget Myklebusthaug, MS GRINNA og MS INGVILD, var begge i Uskedalen denne helga.

MS GRINNA var innom Børneskaien fredag og gjekk vidare inn fjorden, før neste hamn var Eikelandsosen på sundag. MS INGVILD kom straks etter, på sundagen, og gjekk vidare til Høyvika, ein tømmerkai som ligg 1 km vest for Utne.



SVANHILL, galeas 76 fot, frå Florø.

Rosendal var målet for mange verna farty, ulike skuter av alle slag: Vikingskip, Colling Archer skøyter, kutterar, jakter, frakterfarty, taubåt og ikkje minst ein lystbåt.



KNM MAUD, Noegs største marinefarty gjekk Storsund på laurdag..

Ei av dei største skutene i denne gruppa var SVANHILL, ein galeas frå Florø på 76 fot. SVANHILL, bygd i Stangvik ved Surnadal i 1889, vart verdskjend etter ei jordomsegling 1985 - 1988. Det vart skrive bok frå turen. SVANHILL, bygd som jakt, vart omrigga til galeas i 1926. Fartyet fekk vernestatus i 2001. I dag er det ei stifting ved Kystmuseet i Florø som driv skuta, med mellom anna plass til 40 passasjerar, 10 overnattingsplassar.

Fartyet med størst maskin var utan tvil slepebåten VULCANUS, bygd i 1959 for Bergenske Damskipsselskap. No vert skipet drive av eit eige bukserselskap. VULCANUS valde å gå på nordsida av Skorpo.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/Lars Børge Sæberg/ Kristian Bringedal



Både GRINNA og INGVILD frå reiarlaget Myklebusthaug var innom Børneset denne helga.